

Informasjon til føresette om undersøkinga "Helsevanar blant skuleelevar. Ei WHO undersøking i fleire land"

Bakgrunn og formål

Formålet med denne undersøkinga, er å kartleggja faktorane som fremjar god utvikling i helse og livstilfredsheit blant barn og unge, samt å finna fram til tiltak som kan skapa ein helsepositiv livsstil og auka helsemedvit i yngre alder.

Undersøkinga blir gjennomført i over 40 andre land, dei fleste i Europa. Verdas helseorganisasjon (WHO) er ein sentral bidragsytar i prosjektet, og organisasjonen nyttar dataene aktivt i arbeidet sitt.

I Noreg blir undersøkinga gjennomført blant omlag 6 000 elevar på 6., 8. og 10. klassesteg, og blant elevar i 1. klasse i den vidaregåande skulen. Tilsvarande studiar har blitt gjennomført kvart fjerde år sidan 1985. Institutt for helse, miljø og likeverd (HEMIL) ved Universitetet i Bergen, er ansvarleg for undersøkinga i Noreg.

Informasjonen vil bli nytta til forskning og til å laga rapportar og analysar for WHO og norske helse- og utdanningsstyresmakter. WHO er interessert i å kartleggja på tvers av land, medan norske helse- og utdanningsstyresmakter nyttar resultatane til å utvikla politikk og tiltak som kan fremja helse og trivnad blant barn og unge.

Kva inneber det å delta i studien?

Deltaking inneber at ditt barn fyller ut eit elektronisk spørjeskjema. Det skal fyllast ut på skulen i løpet av ein skuletime. Korkje andre elevar eller læraren, vil få vita kva ditt barn svarar. Skjemaet inneheld mellom anna spørsmål om matvanar, fysisk aktivitet, røyking, skuletrivnad, mobbing og helse- og trivnadsopplevinga til eleven. Spørjeskjemaet inneheld også eit par spørsmål som gjeld føresette, mellom anna om yrkesaktivitet og sosioøkonomisk status. Alle spørsmåla i skjemaet, er prøvd ut på førehand. Heile spørjeskjemaet er tilgjengeleg frå fylgjande nettside:
<http://www.uib.no/helsevaner>

Kva skjer med informasjonen om eleven?

Alle personopplysningar vil bli handsama konfidensielt. Spørjeskjemaet inneheld ingen spørsmål som identifiserer eleven direkte. Eleven skal ikkje oppgje namn eller fødedato. Skulen er identifisert i datafila med ein kode. Så lenge datainnsamlinga pågår, vil prosjektgruppa kunna kopla på skulenamn. Slik kopling vil berre bli gjort i samband med puring til skulane, og medan datafila blir kvalitetssikra. Prosjektgruppa lagrar koplingslista med skulekode og skulenamn på eit tilgangsregulert nettverksområde. Når prosjektperioden er over den 30.06.2023, vil koplingslista bli sletta.

Frivillig deltaking

Du kan ta kontakt med skulen om du ikkje ynskjer at ditt barn skal svara på spørsmåla. Sjølv om du ikkje kontaktar skulen, kan barnet sjølv velja ikkje å delta. Deltakinga er heilt friviljug, og eleven kan også hoppa over enkeltspørsmål.

Studien er handsama og godkjend av Regional etisk komite (REK).

Tilbakemelding til lærar

Me ber om at du gjev melding til kontaktlærar dersom ditt barn ikkje skal delta i undersøkinga. Du kan gje denne meldinga skriftleg, med e-post, SMS eller munnleg.

Venleg helsing

Oddrun Samdal
Professor, leder for undersøkelsen i Norge
Oddrun.Samdal@uib.no